

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avfallsplan for kommunale kaier og hamneanlegg i Herøy kommune



Plan godkjent av Fylkesmannen:	16.04.2018
Sist evaluert/revidert:	10.04.2018
Neste evaluering/revidering:	10.04.2021

Informasjon

Kontaktinformasjon

Hamnevakta

Telefon: +47 99210001

E-post: hamn@heroy.kommune.no

Herøy kommune

Opningstider: Kvardagar 08:00 – 16:00

Postadresse: Postboks 274, 6099 Fosnavåg

Besøksadresse: Rådhusgata 5, 6090 Fosnavåg

E-post: postmottak@heroy.kommune.no

Telefon: +47 70081300

Nettstad: <https://heroy.kommune.no>

Organisasjonsnummer: 964978840

Generell informasjon

Informasjon om hamnetenester levert av Herøy kommune vert lagt ut på nettstaden til kommunen: <https://www.heroy.kommune.no/artikkel.aspx?MId1=18&AId=423>.

Ved utarbeiding og revidering av denne planen skal brukarar av hamnene involverast. Dette gjerast ved at planen vert sendt på høyring til aktuelle brukarar.

Hamner omfatta av planen

Fosnavåg fiskerikai

Type hamn: kommunal fiskerikai.

Adresse: Gerhard Voldnes` veg, Fosnavåg sentrum.

Gards- og bruksnummer: 34/250, 251, 252, 479, 532

Mjølstadneset hamneanlegg

Type hamn: kommunal industrihamn.

Adresse: Mjølstadnesvegen, Mjølstadneset industriområde.

Gards- og bruksnummer: Ikkje registrert.

1 Generelle føresegn

1.1 Bakgrunn

I samsvar med Miljøverndepartementet si forskrift av 10.12.2003, nr. 1243 skal hamneansvarleg sørge for at skipsavfall vert motteke og vidare handtert i samsvar med ein føremålstenleg plan som skal sendast til Fylkesmannen.

Hamner må oppfylle dei nasjonale og internasjonale krava for mottak og handtering av avfall i hamner som er omtala f.eks. i «MARPOL-konvensjonen 73/78 om hindring av forureining frå skip» samt Direktiv 2000/59/EF, endra ved direktiv 2002/84/EF, om mottaksordningar for avfall og lasterester frå skip. Sistnemnde direktiv er implementert i Norsk lov i forureiningsforskrifta kapittel 20 – levering og mottak av avfall og lasterester frå skip. Hamneansvarleg og/eller hamnemyndigheten skal fastsette behovet for mottak og handtering av avfall og bestemme kva mottaksordningar som trengs.

MARPOL konvensjonen 73/78

MARPOL-konvensjonen er den viktigaste internasjonale konvensjonen for å regulere avfall frå skip og for å hindre forureining av det marine miljø

EU Direktiv 2000/59/EF (endra ved direktiv 2002/84/EF)

Formålet med direktivet er å redusere utslepp til sjø frå skipsgenerert avfall og forbetre tilgjengelegheit og bruken av avfallsanlegg i hamnene.

1.2 Formål

Formålet med avfallsplanen er å verne om det ytre miljø ved å sikre etablering og drift av tilfredsstillande mottaksordningar for avfall og lasterester frå skip, samt å sørge for at avfall og lasterester frå skip vert vidaresendt til godkjende behandlingsanlegg. Ein vil med dette kunne unngå at avfall frå skip forureinar havet, og at ressursar avfallet representerer går tapt.

1.3 Verkeområde

Avfallsplanen gjeld kommunale kaier og hamneanlegg i Herøy kommune, og fartøy som anløper desse.

1.4 Ansvar

Hamneansvarleg for denne planen er Herøy kommune.

Hamneansvarleg kan delegere sin mynde til andre tilsette i Herøy kommune gjennom det delegasjonsmynde som er vedteke av Herøy kommunestyre til ei kvar tid.

Planen skal evaluerast og eventuelt reviderast av hamneansvarleg, og godkjennast av Fylkesmannen, minst kvart tredje år.

2 Avfallsplan

2.1 Forventa motteke avfall

2.1.1 Mjølstadneset hamneanlegg

Mjølstadneset hamneanlegg hadde i 2017 om lag 600 anløp av større fiskebåtar og brønnbåtar, samt om lag 100 anløp av andre fartøystypar som bulk- stykkgodsskip, fryse- og kjøleskip, lasteskip, supplyskip, taubåtar etc.

Det vart i 2017 motteke om lag 22 000 kg restavfall på dette anlegget. Det er uvist kor mykje av dette som kjem frå fartøy i hamna då containeren har stått ulåst. Her var ikkje mottaksanlegg for andre avfallsfraksjonar dette året. Frå 01.06.2018 vart det etablert eigen miljøstasjon for mindre mengder farleg avfall.

Etter ei vurdering finn ein at det er behov for å kunne ta i mot følgjande avfallstypar:

- Restavfall:
Ulikt avfall frå hushald på fartøy.
- Farlig avfall:
Olje, kjemikaliar, maling, batteri, lysrør, giftige væsker etc.
- Flytande avfall:
Slam, gråvatn, oljeholdig bulk- eller ballast- vatn etc.

2.1.2 Fosnavåg fiskerikai

Fosnavåg fiskerikai hadde i 2017 om lag 100 anløp, i all hovudsak av mindre fiskebåtar.

Det vart i 2017 motteke om lag 12 000 kg restavfall på denne kaia. Det er uvist kor mykje av dette som kjem frå fartøy i hamna då containeren har stått ulåst. Her er ikkje mottaksanlegg for andre avfallsfraksjonar.

Det vert vurdert at det er behov for å kunne ta i mot følgjande avfallstypar:

- Restavfall:
Ulikt avfall frå hushald på fartøy.
- Farlig avfall:
Olje, kjemikaliar, maling, batteri, lysrør, giftige væsker etc.

2.1.3 Avfall som ikkje kan leverast

Vi har ikkje godkjenning eller fasilitetar til å ta i mot

- kjøkken- og matavfall frå skip i internasjonal trafikk.

2.2 Mottaksanlegg

2.2.1 Mjølstadneset hamneanlegg

Mjølstadneset hamneanlegg består av tre kaier; austre-, midtre- og vestre kai. Mottaksanlegg er plassert på midtre kai. Containerane er låste. Hamnevakta har nøkkel og kode for betening av desse.

Restavfall – 8m³ container – Vert henta av godkjend renovatør kvar 14 dag eller ved behov.

Farleg avfall – 3x2,4 meter tett lukka container med oppsamlingsutstyr som er merka med symbol/skilt for avfallstype. – Vert henta av godkjend innsamlar av farleg avfall ved behov. Oppsamlingsutstyr vert tilpasse behov. Større mengder leverast direkte til godkjent deponi.

Større mengder kjeldesortert avfall frå skip køyrast direkte til godkjent deponi.




2.2.2 Fosnavåg fiskerikai

Mottaksanlegg er plassert på nordre del av kaia. Containeren er låste. Hamnevakta har nøkkel og kode for betening av denne.

Restavfall – 8m³ container – Vert henta av godkjend renovatør kvar 14 dag eller ved behov.

Farleg avfall – Mindre mengder vert henta av hamnevakta og køyrd til miljøcontaineren på Mjølstadneset. Større mengder leverast direkte til godkjent deponi.



2.2.3 Mottaksfasilitetar som må bestillast

Ved bestilling kan det skaffast mottaksfasilitetar for:

- farleg avfall (i større mengder)
- spillolje
- oljeholdig vatn
- kloakk
- avløpsvatn
- EE avfall
- lasterelatert avfall
- lasterestar

Avfall vert henta av godkjend innsamlar, etter førespurnad frå hamnevakta, og køyrt til godkjent behandlingsanlegg.

2.3 Leverings- og mottaksprosedyre

2.3.1 Melding om levering av avfall

Melding om levering av avfall skal gjerast i meldingstenesta SafeSeaNet Norway. Det må spesifiserast kva mengde ein ynskjer å levere, og kva type avfall dette er. Melding om levering av avfall skal gjerast

- a) minst 24 timar før anløp, dersom anløpshamna er kjent,
- b) så snart anløpshamna er kjent, dersom denne opplysninga fyrst er tilgjengelig mindre enn 24 timar innan anløp, eller
- c) seinast ved avgang frå føregåande hamn, dersom reisa varer mindre enn 24 timar.

Behov for å levere avfall som må sugast/pumpas over på tankbil må meldast minst 48 timar før anløp.

Skip som leverer farlig avfall skal gje tilstrekkelige opplysningar om avfallets opphav, innhald og eigenskapar, slik at hamneansvarleg kan oppfylle deklarasjonsplikta.

For levering av avfall som kjem under punkt 2.2.3, mottaksfasilitetar som må bestillast, må ein i tillegg ta kontakt med hamnevakta for å avtale levering.

Mottak av avfall skjer anten via mottakspunkt på kai/hamn, eller via mottaksfasilitetar som vert rekvirert av hamnevakta.

For levering av mindre mengder avfall kan hamnevakta kontaktast direkte.

2.3.2 Registrering av mottatt avfall

Avfallshandterer registrerer kva type og mengde avfall som vert samla inn på dei einskilte hamnene og rapporterer dette til hamneansvarleg. Denne rapporteringa kan anten framkome på faktura eller som eigen rapport sendt på e-post.

2.3.3 Manglar og avvikshandtering

Om brukarar finn mottaksanlegga til å vere utilstrekkelege eller ha avvik, kan dette meldast inn til hamneansvarleg. Dette kan gjerast anten via e-post, telefon eller eige skjema. I vedlegg 1 er det utarbeida eit avviksskjema for dette. Avviksskjemaet skal sendes hamneansvarlige som behandlar og journalfører dette. Hamneansvarlig skal så snart avviket er behandla gje tilbakemelding om korleis avviket vil verte løyst.

Alle manglar eller avvik som treng strakstiltak må meldast på telefon til hamnevakta så raskt som råd. Hamnevakta set då i gang nødvendige tiltak og melder så frå til hamneansvarleg.

Avfallshandterer skal melde frå på e-post om det vert oppdaga feil i sortering, lagring eller handtering av avfall.

2.4 Avfallsgebyr

2.4.1 Inndekning av kostnader

I samsvar med Forskrift om avgrensing av forureining (FOR 2004-06-01 nr. 931) har Herøy kommune etablert mottaksordning for avfall og lasterester frå skip.

Kostnader forbundet med mottak og vidare handtering av avfall skal dekkast ved innkrevjing av avfallsgebyr frå dei som anløper hamnene. Omfanget av gebyret skal bereknast på grunnlag av skipets bruttotonnasje (BT), ein fast sats eller levert mengde. Gebyret skal ikkje overstige kostnadane med ordninga.

Gebyret skal innkrevjast uavhengig om det vert levert avfall eller ikkje.

Dersom det vert levert store mengder avfall eller lasterester skal skipet fakturerast etter faktiske kostnader.

Skipet kan verte halde økonomisk ansvarlege for ekstrakostnader som kjem av feil eller mangelfull rapportering eller handtering av avfall.

2.4.2 Frådrag i gebyr

Det kan verte gitt frådrag i generelt avfallsgebyr dersom skipet kan dokumentere at det har gjennomført tiltak som på ein ikkje uvesentleg måte bidreg til at mengde avfall frå skip reduserast, eller gjer at avfall vert billigare på land.

Vedlegg 1 – Melding til hamn om utilstrekkeleg mottaksordning

Utfylt skjema kan sendast på e-post til hamn@heroy.kommune.no, sendast som brev til Herøy kommune, postboks 274, 6099 Fosnavåg, leverast i servicetorget på rådhuset, Rådhusgata 5, Fosnavåg, eller leverast til hamnevakta.

Hamn (kryss av): ☐ [Mjølstadneset hamneanlegg](#) - ☐ [Fosnavåg fiskerikai](#)

Hamneansvarleg: [Herøy kommune](#)

Kva forhold med mottak av avfall gjelder meldinga? (kryss av)

☐ [Innmelding](#) - ☐ [Levering](#) - ☐ [Handtering](#) - ☐ [Sortering](#) - ☐ [Kapasitet](#) -

☐ [Anna](#): _____

Beskriv problemet/avviket: _____

Forslag til forbetring: _____

Forholdet oppdaga (dato): _____

Innmeldt av: _____

☐ Eg kan kontaktast for ytterlegare opplysningar

☐ Ja takk, eg ynskjer tilbakemelding om korleis forholdet er fylgt opp

Via telefon: _____ eller e-post: _____